



# Referat

## Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 2024

**Tidspunkt: 1. – 2. Mars 2024**

**Stad: Thon Skei Hotell, Jølster**

**Tal møtte med røystrett: 37 deltakarar**

**Representantar frå lokallag : 22 Lokallag representert med stemmerett Røysteføre 37**

**Representantar frå styret : 6**

**Innleiarar: Marthe Lang-Ree, styremedlem i NSG**

**Gjester/Andre: 5**

### ÅRSMØTEREFERAT

**Opning ved leiar Ragnhild Sæle som ønska velkommen.**

**Marthe Lang-Ree - Styremedlem i NSG**

Snakka blant anna om ein krevende omorganisering i NSG.

#### SAKLISTE:

- 1) Namneopp. 37 med røysterett
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Eli Berge Ness kommenterte at innkallinga kom litt seint. Elles godkjent.
- 3) Velje 2 representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen.  
Møteleiar: Erling Offerdal  
2 til å skrive under møteprotokoll: Unn Henden og Simon Jansson

Teljekorps : Jan Helge Hjelmeland, Roger Løvik, Marthe Lang-Ree

#### 4) Handsame årsmelding frå styret for 2023

**Leiaren sin tale:** Ragnhild Sæle las opp.

Eli Berge Ness saknar litt om rovvilt. Elles saknar ei oversikt over utvikling i dyretal på sau og geit. Ole Bjarne Hovland er rovdyrkontakt for Sogn og Fjordane sau og geit.

#### Årsmelding frå styret i Sogn og Fjordane sau og geit. Solgun Haugen las opp

Kommentarar:

Eli Berge Ness: Ynskjer seg eit meir tydeleg Sogn og Fjordane sau og geit. Elles når infoskriva frå fylkeslaget kjem til lokallage virkar det som ein peikefinger

Johannes Gunvordal: Syns at det var synd at det ikkje var småfesamling i år. Håpar den vert arrangert til neste år.

Erlend Brede Fossen: viktig at lokallaga engasjerer seg meir, og at ein stiller meir opp på det som vert laga til.

Terje Mork: Det er ikkje alltid at ein har tid og anledning til å møte på arrangement. Meinat lokallaga bør ta innitativ til å arrangere kåringer innendørs.

Daniel Dalsbø: Syns at dei er litt leit å få kjeft for at det er få som møter på arrangement, at ein må sjå framover.

Jan Kåre Ravnøy: Vi må prøve å engasjere fleire medlemmer. Kanskje ein må snu på programmet å ta fagdag først og årsmøte dag 2.

Sigbjørn Skjerdal: Må ta kontakt å få dei yngre med. Treng eit spark bak for å komme med.

Ragnhild Sæle: Det er ingen kritikk til dei som ikkje møter opp. Ynskjer også forslag på aktivitetar. Skrytte over arrangementet med Bondesprell helga i Førde. Kan være aktuelt å arrangere fleire teamsmøter.

Eli Berge Ness: Teamsmøter er vel og bra, men meiner vi skal ha fysiske møter og.

Daniel Dalsbø : Ynskjer fleire gardsbesøk, der ein får høyre om erfaringar.

Tom Idar Kvam: Viktig med aktivitetar i lokallaga. Luster sau og geit har til dømes after lamming og after sank.

Erlend Brede Fossen meiner vi må sjå kva Luster gjer.

#### Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane: (Tom Idar Kvam)

Jon Nummedal: Viktig å fortelje kor viktig avlsarbeidet er, og framheve avlsarbeidet gjennom gode rekne eksempel.

Tom Idar Kvam: Orienterte om møter / teamsmøter med væreringane.

### **Årsmeldinga for geitegruppa:**

Jo Risløv gjekk gjennom denne.

*Terje Mork: Korleis går det med bruk av Geit og Kjekjøt. Jo og Johannes kommenterte at dette var begrensa.*

*Eli Berge Ness: Ein del som sel Geit og Kjekjøt sjølv kan tene litt pengar på sal av dette.*

*Marte Lang-Ree, seier NSG jobber med det med sjølvforsyning og fremme meir bruk av kjekjøt. Noko som må takast opp med markedsregulator.*

### **Årsmelding frå gjetarhundnemnda:**

Roger Løvik gjekk gjennom denne.

*Årsmeldinga frå styret i Sogn og Fjordane sau og geit for 2023 er samrøystes godkjent*

### **5) Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2023.**

Årets resultat : - kr 68 284,-

*Rekneskapen er revidert og godkjent.*

### **6) Handsame arbeidsplan for 2024**

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Arrangere nettmøte med lokallaga
- Medlemsverving
- Vidareføre Apotekavtala
- Haustsamling (Samling for lokallaga)
- Jordbrukstingingane
- Oppfylging av lokallaga
- Oppfylging arbeid beitebruksplanar
- Kontaktutval rovdyr
- Avlsmøte - Avlsutvalet
- Kontakt med vereringane
- Småfesamlinga
- Arrangement Gjetarhund

Eli Berge Ness: Det er lite kvinner i lokallaga, oppfordre valnemndene i lokallaga om å få inn meir kvinner.

Jan Kåre Ravnøy: Klyppekurs bør stå på agendaen. Svar. Lokallaga bør stå for dette.

Tom Idar Kvam: Skryter over apotekavtala

Jan Helge Hjelmeland: Gjerdehald er ei utfordring.

### **7) Innkomne saker. Ingen innkomne saker.**

## 8) Val etter vedtektene.

### Val av styre for 2023 - Sogn og Fjordane Sau og Geit

(Valnemnd: Per Ravndal, Førde, Matias Magne Sølvberg, Stryn, Hilde Kristin Valland, Sogndal)

Eli Berge Ness: Seier at lokallaga også kan komme med forslag.

#### Styre

Ragnhild Sæle, Jølster, leiar Attval (31 stemmer mot 6 blanke)

Erlend Brede Fossen, Viksdalen, Nestleiar Attval (34 stemmer mot 3 blanke)

Anne Inger Moen, Eid

Solgun Haugen, Lærdal

Gunnar Osland, Askvoll Ny for 2 år (35 stemmer/2 blanke)

#### Varamedlemmar

1. Ole Bjarne Hovland, Årdal

Attval 1 år

2. Margrethe Garlid, Stryn

Attval for 1 år

3. Per Kristian Eide, Sandane

Attval for 1 år

#### Revisorar

Jakob Andre Sandal, Jølster

Ny for 1 år

Jan Asle Bolset, Jølster

Ny for 1 år

#### Vara for revisorar

Inge Erikstad, Jølster

Ny for 1 år

Jon Helge Sandal, Jølster

Attval for 1 år

#### Møteleiar 2025

Geir Ole Ervik, Selje

Attval for 1 år

#### Vara for møteleiar 2025

Erling Offerdal, Årdal

Attval for 1 år



## Utsendingar til landsmøte 2024 i NSG

Ragnhild Sæle har direkte møteplass pga sentrale verv ho har.

### Utsendingar

Erlend Brede Fossen, Viksdalen  
Anne Inger Moen, Eid  
Solgun Haugen, Lærdal  
Tom Idar Kvam, Hafslø

### Varautsendingar

- 1 Sigurd Vikesland, Aurland
- 2 Ole Bjarne Hovland, Årdal
3. Erling Offerdal, Årdal
4. Jon Helge Sandal, Jølster
5. Eldrid Grønsberg, Aurland
6. Hilde Kristin Valland, Sogndal

### Godtgjersle til tillitsvalde:

Fleire forslag frå salen som går på dekning av godtgjersle for avløysing ved møter:

Forslag : Godtgjersle I tillegg som skal dekke avløysarutgifter

Forslag: Mot framlagt rekning.

Vedtak : Dette må utredast meir. Dette må settast opp som sak til neste årsmøte.  
25 mot 6 stemmer.

Forslaga som skal stemmast på må forberedast.

Godtgjersle til leiar	20000 kr
Godtgjersle til andre styremedlemmer	5000 kr
Godtgjersle til sekretær	15000 kr

Møtegodtgjersle møte > 4imar.

Endra frå 1400 kr til kr 1600.

Møter opp til 4 timar

Endra frå 400 kr til 600 kr

Køyregodtgjersle føl den skattefrie satsen på  
kr 3,50/km og 1,- /km i passasjergodtgjersle

## Valnemd for 2025

Matias Magne Sølberg, leiar  
Hilde Kristin Valland  
Noralf Høydal (Ny)

Vara til Valnemda: Sigurd Vikesland og Ingunn Reme

### 9) Handsame og vedta budsjett for 2024

*Budsjettet er teke til etterretning og godkjent*

  
Johannes Nedrebø  
Referent

  
Erling Offerdal  
Møteleiar

  
Unn Henden  
Sign

  
Simon Jansson  
Sign